

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Dato: 13. juni 2018

Stad: seminarrom 217 i HF-bygget

Møtte:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Harry Solvang (japansk), Anders Johannessen Fikke (Nasjonale prøvar), Shouhui Zhao (kinesisk), Brita Lotsberg Bryn (russisk), Jon Askeland (spansk), Birger Solheim (tysk), Åse Johnsen (instituttleiar)

Frå gruppe B: Gunn Inger Sture (kom under sak 4)

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Anders Olderkjær Samland og Stine Haugland.

Arve Kjell Uthaug stilte som sekretær utan røysterett.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 11. april 2018

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Sonia Lagerwall har takka ja til den faste stillinga som førsteamanuensis i fransk litteraturvitenskap og byrjar tidleg i haustsemesteret. Instituttleiinga er dessutan i innspurten med å tilsetja i fleire mellombelse stillingar:
- Eittårig 20-prosentstilling i engelsk fagdidaktikk, som kan verta utvida til to år: Instituttleiar har innstilt éin kandidat.
 - Stipendiatstilling på Birgitta-prosjektet (Laura S. Miles): Kandidatane vart intervjua i starten av veke 24.
 - Stipendiatstilling knytt til språk og klima (Øyvind Gjerstad): Intervjua med kandidatane er planlagte til veke 25.
 - Postdoktorstilling i russisk (Ingunn Lunde): Kandidatane vart intervjua i starten av veke 24.
 - To opne stipendiatstillinger: Instituttleiinga vonar å få til intervju med kandidatane før utgangen av juni.
- B) Instituttleiar viste til at den nyleg tilsette postdoktoren innan migrasjonsforskning venteleg tek imot ei fast stilling ved ein annan institusjon. I så fall ønskjer instituttleiar å leggja denne postdoktorstillinga på is i denne omgang og heller tilsetja ein ekstra stipendiat under den opne utlysinga (sjå A) over, siste strekpunkt). Møtet hadde ikkje innvendingar mot dette.

Sak 4 – Budsjettinnspel til fakultetet for 2019

Instituttleiar presenterte utkastet til budsjettbrev og prioriteringar frå instituttet, og rådet drøfta utkastet. Det viktigaste når det gjeld bemanningsplanen, er etter instituttleiar sitt syn å få opp minimumstalet for tilsette på språkfag frå to til tre. Instituttet legg inn nokre setningar om stillingsbehovet ved russiskfaget etter ønske frå Brita Lotsberg Bryn. «Mindre etterspurte språk» vert endra til «andre språk» i brevet med budsjettinnspel frå instituttet. Framlegget om 3,5 som minimumsbemanning på dei ekstra krevjande språkfaga vert fjerna i brevet.

Instituttleiar sender inn brev med budsjettinnspel til fakultetet innan 15. juni.

Sak 5 – Nytt valreglement og nytt reglement for styringsorgana ved UiB

Den sentrale arbeidsgruppa har gjort framlegg om at det ikkje lenger skal vera rom for å dela inn ei stillingsgruppe i separate valkrinsar. I dag har gruppe A (fast vitskapleg tilsette) fire ulike valkrinsar ved fakultetsstyret ved HF, slik at kvart institutt vel inn éin representant frå gruppa til fakultetsstyret. Instituttet går imot framlegget frå arbeidsgruppa her, og vil i høyringsfråsegna si streka under at det framleis bør vera høve til å dela inn ei stillingsgruppe i ulike valkrinsar etter institutt.

Sak 6 – Meritteringsordning for undervisning ved UiB

Utkast til høyringsfråsegn frå IF vart sendt ut 8. juni (e-post frå instituttleiar), og utkastet støttar framlegga frå arbeidsgruppa ved fakultetet.

Vedtak (samrøystes): Institutt for framandspråk støttar framlegget til ei prøveordning for merittering av undervisning ved fakultetet slik det står i rapporten frå arbeidsgruppa. Rådet sluttar seg samstundes til kommentaren frå fakultetet om at kriteria for tildeling og prosedyrane for søknad, vurdering og tildeling bør forenklast.

Sak 7 – ymse

Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef